




SURNADAL KOMMUNE

Planbeskrivelse Nytt høgdebasseng på Galtmettet

Versjon 12.03.2025



Innholdsfortegnelse

Innholdsfortegnelse	1
1. Bakgrunn	2
1.1 Formålet med plana	2
1.2 Tiltakshavar	2
1.3 Planprogram/krav om konsekvensutredning	2
1.4 Dagens anlegg	2
1.5 Alternativ som er vurdert	2
2. Planområdet	4
2.1 Beskrivelse av planområdet	4
2.2 Planstatus	4
2.3 Atkomst og naboar	5
2.4 Eigarforhold	6
3. Føringer for planarbeidet	7
3.1 Overordna nasjonale føringer	7
3.2 Lokale og regionale føringer	7
4. Planprosess og medvirkning	9
4.1 Varsling om oppstart av planarbeid	9
4.2 Innkomne merknadar til varsel om planoppstart	9
5. Beskrivelse av planforslaget	14
5.1 Intensjon	14
5.2 Hovedgrep	14
5.3 Arealer og formål	15
6. Virkninger av planforslaget	16

1. Bakgrunn

1.1 Formålet med plana

Formålet med plana er å leggje til rette for nytt drikkevassbasseng med tilhøyrande infrastruktur på Galtmettet i Surnadal kommune.

1.2 Tiltakshavar

Tiltakshavar for reguleringsplana for nytt høgdebasseng på Galtmettet i Surnadal er Surnadal kommune ved Teknisk Drift. Planforslaget er utarbeida av Surnadal kommune. Asplan Viak AS har hatt ansvaret for prosjektering av anlegget.

1.3 Planprogram/krav om konsekvensutredning

Tiltaket er begrensa i størrelse og omfang og er planlagt ved eit eksisterande vassbehandlingsanlegg. Planlagt område for nytt høgdebasseng er i eit hogstfelt, og det er ikkje registrert viktige naturtyper eller kjente naturmangfoldregistreringar på eller rundt tomta.

Tiltaket blir vurdert til å ikkje bli fanga opp av oppfangskriteria i veileidar til forskrift om konsekvensutredning og medfører etter kommunen si vurdering ikkje behov for utarbeiding av planprogram eller konsekvensutredning.

1.4 Dagens anlegg

Det eksisterande høgdebassenget, som i dag er lokalisert i fjell, har fleire utfordringar knytt til sikkerhet og funksjonalitet. Spesielt er det risiko for innlekking av fremmedvann, og rensking/rengjøring av bassenget er krevende og potensielt farlig på grunn av fjellets tilstand.

1.5 Alternativ som er vurdert

Det er fleire alternativ til plassering av høgdebasseng som har vore vurdert i tidleg fase.

Stormyra

Stormyra er eit kommunalt eid areal med sentral plassering og kort avstand til driftspersonell. Det ligg også nær øvrig infrastruktur som hovedvassledning.

Området består derimot av djup myr som vil krevje omfattande masseutskifting, høge kostnader og tekniske utfordringar. Ei slik tomt vil også vere utfordrande mtp bæreevne og setningar, med fare for setningar over tid som kan skade konstruksjonen. Nedbygging av myr er ikkje ønskeleg da myrområder er viktige karbonlagre.

Østbødalen

Fordelar med denne plasseringa er nærhet til eksisterande vassinfrastruktur, behandlingsanlegg og hovudvassledning. Ei slik plassering vil gje tryggare vassleveranse for abonnenter i Østbødalen.

Området kjem derimot i konflikt med dyrkamark. Anlegget må også plasserast høgare opp i lia for å oppretthalde riktig trykkforhold. Dette vil medføre store terrenginngrep, bygging av ny adkomstveg og mulig sprenging og terrengforming. Tiltaket kan også i større grad berøre viktige naturområder, skog og landskapsverdier.

Galtmettet

Dagens anlegg ligg i fjell på Galtmettet. Adkomstveg, parkering og vassinfrastruktur ligg allereie i området, noko som gjer plasseringa svært gunstig med tanke på utbygging, drift og vedlikehald. Foreslått plassering av høgdebassenget er valgt med utgangspunkt i trykkforholda i vassforsyningsnettet. Dette sikrer at utbygginga ikkje medfører endringer i vasstrykket for abonnentene.

2. Planområdet

2.1 Beskrivelse av planområdet

Planområdet ligg på austsida av Lykkjeeidet (Fv 670), sør for Skei.




Figure 1 Oversiktskart over området, med planavgrensning

Planområdet er på om lag 4 daa.

Tomta består i hovudsak av skog, i tillegg til dagens avkøyring frå Fv 670 samt veg- og parkeringsareal til dagens tekniske anlegg. Deler av området blir nytta til parkering for turgåarar, utan at det er ordentleg tilrettelagt for det i dag.

Skogsarealet er registrert som Skog, inkludert myr, med høg bonitet, samt delar av området som jorddekt fastmark . Skogen er hogget for om lag 5 år siden.

2.2 Planstatus

Om lag halvparten av planområdet er i dag avsett i kommuneplana til offentlig tenesteyting. Dette planforslaget legg til rette for ei utviding av området for å få plass til et nytt høgdebasseng. Den utvida delen er i dag Landbruks-, natur-, friluft, reindriftsområde (LNFR).




Figure 2 Planområde med planlagt tiltak, vist med formål i kommuneplanens arealdel i bunn




Figure 3 Flyfoto

2.3 Atkomst og naboar

Tomta har direkte adkomst frå Fv 670 som har ein ÅDT på 1547. Veg til Skeisnebbha hyttefelt benytter samme adkomst.

Remidt har i dag ei renovasjonsløyising på parkeringsplassen til dagens tekniske anlegg. Etter dialog med Remidt vil dei vurdere ei anna plassering på renovasjonsløyisinga enn i dag.

Adkomst frå Fv 670 vil forbli uendra med det nye planforslaget.
Det bor ingen naboar nært tiltaket. Næraste bustadhus er over 300 meter unna.



Figure 4 Utsnitt frå Google maps. Høgdebassenget er planlagt bak renovasjonsdunkene

2.4 Eigarforhold

Dagens anlegg ligg på gbnr 36/72 der Surnadal kommune er eigar. Det nye høgdebassenget er tenkt delvis plassert på gbnr 36/1. Grunneigar på gbnr 36/1 er Ingebrigt Bolme. Surnadal kommune v/teknisk drift har avtale med Bolme om kjøp av areal og det er rekvirert oppmålingsforretning for den nye tomte.

Eigedom	Areal	Eigar
36/72	2000 m2	Surnadal kommune
36/1	2133 m2	Ingebrigt Bolme

3. Føringer for planarbeidet

Etablering av nytt høgdebasseng må søke å ivareta lokale, regionale og nasjonale rammebetingelser i planarbeidet. I kapittel 3 følger ein kort oppsummering av det som er anteke som dei viktigaste føringane for planarbeidet.

3.1 Overordna nasjonale føringar

Nytt høgdebasseng vil måtte forholde seg til ei rekke nasjonale lover og forskrifter. Dei viktigaste er:

- Plan- og bygningslova
- Forurensingslova med forurensningsforskrifta
- Forskrift om vannforsyning og drikkevann
- Jordlova
- Naturmangfoldlova
- Statlege planretningsliner for klima og energi
- RPR for å styrke barn og unges interesser i planleggingen

Forurensningsforskrifta samler alle tidligare forskrifter som regulerer utslipp til luft, jord og vatn og har som formål å verne det ytre miljø mot forurensning.

Forskrift om vannforsyning og drikkevann

Forskrifta har til formål i sikre forsyning av drikkevatt i tilfredsstillende mengde og kvalitet, herunder å sikre at drikkevattnet ikkje inneheld helseskadeleg forureining av noko slag og forøvrig er helsemessig betryggande.

Jordlova

Lova har med anna til føremål å leggje forholdene slik til rette at arealressursane blir brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet. Dette inneber at ein tek omsyn til at ressursane skal disponerast ut frå framtidige generasjonar sine behov. Forvaltninga av arealressursane skal vera miljøforsvarleg og mellom anna ta omsyn til vern om jordsmonnet som produksjonssfaktor og ta vare på areal og kulturlandskap som grunnlag for liv, helse og trivsel for menneske, dyr og planter. Er omtala i eget punkt under kapittel 6.

Naturmangfoldlova sett krav til at naturen takast vare på ved berekraftig bruk og vern. Er omtala i eget punkt under kapittel 6.

Statlege retningsliner for klima og energi

RPR – barn og unges interesser

3.2 Lokale og regionale føringar

Kommuneplana si arealdel (2017 – 2029)

Området omfattes av kommuneplana si arealdel. Deler av området er avsett til offentlig tenesteyting. Området der nytt høgdebasseng er planlagt er avsett til LNFR.

Vann og avløpsreglement – Det er utarbeid ein **lokal VA-norm** som beskriv korleis VA-anlegg skal utformast.

Kommunal beredskapsplan- Det er utarbeid egen plan for vassforsyninga; Plan for sikkerhet og beredskap i vassforsyninga.

Hovedplan for vassforsyning – Det er utarbeid egen hovedplan for vassforsyning i Surnadal kommune, ferdigstilt i 2024.

4. Planprosess og medvirkning

4.1 Varsling om oppstart av planarbeid

Tiltaket blir vurdert til å ikkje bli fanga opp av oppfangskriteria i veileidar til forskrift om konsekvensutredning og medfører etter kommunen si vurdering ikkje behov for utarbeiding av planprogram eller konsekvensutredning.

Området skal detaljreguleres i henhold til plan- og bygningslovas § 12-3.

Varsel om oppstart av planarbeid ble sendt myndigheter og naboer med frist for innspel 18.02.25. Varsel ble og annonsert i Trollheimsporten og Driva samt på kommunens heimeside og facebookside.

4.2 Innkomne merknadar til varsel om planoppstart

Det har kome inn 6 merknadar til varsel om oppstart, fire frå offentleg styresmakt og to frå privatpersonar. Merknadane er oppsummert og svart ut under.

Offentleg styresmakt

Møre og Romsdal Fylkeskommune, 11.02.25	Tiltakshavars kommentar
Planfaglege merknader <i>Vi har ikkje vesentlege merknader av planfagleg karakter</i> Samferdsel <i>Fv 670 er gitt haldningsklasse «meget streng» og ei generell byggegrense på 50 meter målt frå senterlinje fylkesveg. Ein må i planomtalen ta stilling til og vurdere om kryss mellom fv670 og den kommunale vegen er tilstrekkeleg utforma og dimensjonert slik at det vil tole den auga trafikken reguleringsplanen vil kunne medføre. Det må bli vurdert om siktforholda i krysset oppfyller krava i statens vegvesen si handbok N100. Eventuelle behov for utbetring må bli sikra gjennom rekkefølgekrav i planføresegnene.</i> Framtidig G/S-veg <i>Det er avsett framtidig G/S-veg i kommuneplanen sin arealdel langs Fv 670 forbi planområdet. Planforslaget må ikkje legge opp til løysingar som vanskeliggjer regulering og opparbeiding av eit slik tiltak.</i>	Tiltaket det reguleres for vil ikkje gi ei auking i trafikk i forhold til dagens situasjon. Det er gjort ei vurdering om at siktforholda i krysset oppfyller krava i handbok N100. Planforslaget vil ikkje leggje opp til løysingar som vanskeliggjer regulering og opparbeiding av ein framtidig gang- og sykkelveg langs Fv 670. Se også tiltakshavars kommentar under punkt om automatisk freda kulturminne.

Byggegrense <i>Ber kommunen gjere ei vurdering av kva fylkesvegen si byggegrense bør vere. Vil kunne akseptere ei mindre byggegrense enn 50 meter, men under føresetnad av at mellom anna følgande omsyn blir ivaretekne:</i> - Fylkesvegen sin eigedom, vegens tryggleikssone og ervervsareal må bli sikra (tryggleiksona + 2 meter, målt frå vegkant) - tilstrekkelig areal blir avsett til regulering og opparbeiding av framtidig g/s-veg i tråd med N100. På utsida av g/s-veg er det behov for min. 3,5 m frå kant g/s-veg til annan veggrunn av omsyn til drift og vedlikehald av framtidig g/s-veg. <i>Byggegrensa må bli vist i plankartet, og talfesta helst både i kart og tilhøyrande føresegn.</i> Renovasjon <i>Renovasjonsløyising for eigedomen må etablerast utanfor fylkeskommunen sitt vegareal, og det må vere tilstrekkeleg manøvreringsareal på eigen grunn. Av omsyn til trafikktryggleik vil vi ikkje kunne akseptere ei løysing som inneber rygging på fylkesveg eller stans på fortau/gang- og sykkelveg.</i> Automatisk freda kulturminne <i>Området ber preg av at området har vore hogstfelt. Er ikkje kjende med at det er registrert automatisk freda kulturminne i det aktuelle området og har såleis ingen spesielle merknader knytt til tiltaket. Gjer merksam på at dersom ein under arbeid kjem over noko som kan vere automatisk fredag kulturminne, særleg om det dukkar opp restar etter tidligare kavlvveg, pliktar ein å stoppe arbeidet og kontakte kulturavdelinga i fylkeskommunen for avklaring, jf. Kulturminnelova § 8 andre ledd. Tiltakshavar pliktar å underrette den</i>	Kommunen opprettholder ei byggegrense på 50 meter. Det er lagt inn eit bestemmelsesområde som opner for parkering og mindre tiltak innafor bestemmelsesområdet. Byggegrense er synleggjort på plankartet. Renovasjonsløyising er planlagt flytta frå Galtmettet. Dersom det viser seg at det fortsatt er behov for ei slik løysing her, vil det vere tilstrekkeleg plass for dette utafor fylkeskommunen sitt vegareal og med ei trafikksikker løysing. Surnadal kommune er kjent med at Den Trondhjemske postvei ligg på austsida langsmed Fv 670 i det her området. Vegen går i ei rett line langs Fv 670 forbi planområdet før den gjer ein sving mot Stormyra lenger nord. Prosjektet vil unngå inngrep innafor det avmerka området omtalt i eget avsnitt om kulturminner lenger ned i dokumentet.
--	--

<i>som skal utføre arbeid om dette, men står også ansvarleg for at dette blir overhalde.</i>	
--	--

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, 13.02.25	Tiltakshavars kommentar
Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader: Natur- og miljøvern Viser til naturmangfaldlova § 7. Det må gå fram av planomtale og saksutgreiing korleis prinsippa i §§8-12 i lova er tatt omsyn til og vektlagt i vurderinga av saka. Manglande vurderingar etter naturmangfaldlova vil vere ein saksbehandlingsfeil. Samfunnstryggleik og klimatilpassing Vi føreset at vurderingar frå geotekniske undersøkingar og skredfare inngår som ein del av ROS-analysen for planområdet jf. PBL § 4-3. Område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast av i kartet som omsynssone, jf. PBL § 12-6. Gjer merksam på statlege retningslinjer for klima og energi som seier at det skal vurderast korleis omsynet til eit klima i endring kan sikrast. Konklusjon Ber om at merknadane blir teke omsyn til vidare i planarbeidet.	Vurderingar etter naturmangfaldlova er gjort i planomtale og saksutgreiing. Vurderingar frå geotekniske undersøkingar og skredfare inngår som ein del av ROS-analysen for planområdet. Plankartet har med omsynssone med faresone for snøskred. Tas til orientering

NVE	Tiltakshavars kommentar
NVE varsler at de ikke har kapasitet til å gi konkrete innspill og uttalelser varsel om oppstart av reguleringsplaner og viser til NVE's generelle informasjon og veiledning. Det opplyses om at alle nye naturfarevurderinger bestilt etter 01.01.25 er pliktig å melde inn til NVE, innen 3 måneder etter godkjent rapport. Ønsker også å få inn utredninger bestilt før denne datoen. Geotekniske grunnundersøkelser skal leveres til NGU.	Tas til orientering- NVE vil få tilsendt plana ved offentlig ettersyn.

Kommunen må vurdere om planen ivaretar nasjonale og vesentlige regionale interesser jf. NVEs veileder 2/2017. Dersom planen berører NVEs saksområder, skal NVE ha tilsendt planen ved offentlig ettersyn.	
---	--

Mattilsynet, 17.02.25	Tiltakshavars kommentar
<i>Dersom det er trekkruiter for hjortevilt i området, må det sørges for at viltet beskyttes mot unødige påkjenninger og belastninger.</i> <i>Vi kjenner ikke til andre forhold som vil ha innvirkning på våre forvaltningsområder i denne planen, og har derfor ingen merknader til at det bygges nytt høgdebasseng.</i> <i>Vi gjør oppmerksom på at bygging av høgdebasseng kan utløse krav om plangodkjenning etter § 18 i drikkevannsforskrifta.</i>	Trekkruiter for hjortevilt er kartlagt, og er vurdert å ikke komme i konflikt med tiltaket. Tas til orientering

Privatpersonar

Inge Skogheim	Tiltakshavars kommentar
Har ikke innspill til selve planarbeidet, men har tanker omkring plasseringen av nytt magasin. Skogheim si mening er at en plassering av nytt basseng i Øygardslia er den beste løsningen. <i>Den mest sårbare strekningen for ledningsbrudd er Skei, Grimsmoen, Sætergarden. Da vil et basseng på motsatt side i forhold til Galtmettet være en stor sikkerhet. Disse forholdene må tillegges større vekt i vurderingen av plassering.</i> Skogheim har også tanker om bruken av eksisterende magasin i Galtmettet.	Det er gjort grundige vurderingar på plassering av nytt høgdebasseng som er nærare omtalt i planomtalen. Innspelet for øvrig blir teke til orientering.

Skeisnebba vegforening	Tiltakshavars kommentar
Skeisnebba veiforening har ingen innvendinger på dette prosjektet.	Tas til orientering

5. Beskrivelse av planforslaget

5.1 Intensjon

Hensikten med reguleringsplana er å leggje til rette for etablering av et nytt høgdebasseng for drikkevatt på Galtmettet. Det eksisterande høgdebassenget, som i dag ligg i fjell, har fleire utfordringar knytt til sikkerhet og funksjonalitet.

Spesielt er det risiko for innlekking av fremmedvatn, og rensking/rengjøring av bassenget er krevande og potensielt farleg på grunn av fjellets tilstand. Eit nytt høgdebasseng vil sikre stabil vassforsyning og betre drikkevasskvalitet for abonnenter til Fauskåa vassverk.

5.2 Hovedgrep

Det er avsett eit området til bebyggelsesformål vassforsyningsanlegg. Kring område for bebyggelse er det lagt inn ein sone for vegetasjonsskjerm. Området ved planlagt høgdebasseng blir ofte bruka som startpunkt for turgåarar og det blir parkert bilar her og der. Det er difor avsett eit område for parkering for å tilrettelegge betre for dette.

Høgdebassenget vere eit plasstøpt betongbasseng med eit volum på 2000 m³ med ei grunnflate på ca 18x27 meter. Det blir i tillegg bygd eit ventilkammer inntil bygningskroppen på om lag 6x10 meter.

Maks kotehøgde for toppen på høgdebassenget er sett til + 135 moh.

Bygningen får ein maks høgde på 8 meter.




Figure 5 Skisse som viser plassering av nytt høgdebasseng samt eksisterande anlegg

I bestemmelsane blir det stilt krav til at bygningsmassen skal utformas med materialer og farger som bidrer til at anlegget tilpasser seg omgivelsane. Anlegget skal gjerdas inn, dette blir sikra i bestemmelsane.

Adkomst og parkering

Eksisterande adkomst vil forbli uendra, og tiltaket vil ikke medføre meir trafikk enn dagens situasjon. Remidt har foreslått at dagens renovasjonsløyising flyttes vekk frå Galtmettet, men plana legg opp til at renovasjonsløyisinga kan oppretthaldes ved behov.

Siktforholda i kryss mot Fv 670 er vurdert å vere tilfredsstillande i forhold til krava. Vegetasjon må haldast nede for å oppretthalde sikta innanfor frisktssonen.

Det blir lagt til rette for opparbeiding av parkeringsplass for turgåarar og pendlarar. Området blir nytta til parkering i dag også, der bilane blir parkert litt tilfeldig, og også oppe ved dagens tekniske anlegg og renovasjonsområde.

Ein opparbeid parkeringsplass vil gjere området meir oversikteleg og trafikksikkert, og unngå at privatpersonar parkerar i området tilknytta høgdebassenget.

Bestemmelsesområde

Det er avsett eit bestemmelsesområde som ligg innafor byggegrense mot fylkesvegen. Innafor dette området kan det tillatast lettare konstruksjonar og parkering.

5.3 Arealer og formål

Tabellen under viser hvor mye areal som reguleres til hvilket formål:

Formål	Areal i m2
1541: Vannforsyningsanlegg	2 421
3020: Naturområde - grønnstruktur	898
2080: Parkering	658
2011: Kjøreveg	84
2019: Annen veggrunn - grøntareal	35
2018: Annen veggrunn - tekniske anlegg	37
Totalt areal planområde:	4 133

Arealregnskap

Dagens arealbruk (AR5)	Regulert til	Areal
Skog	Høgdebasseng	1506 m2
Skog	Parkeringsareal	422 m2

6. Virkninger av planforslaget

Overordna plan

Plana medfører omdisponering av areal avsett til LNFR i kommuneplana si arealdel. Deler av planområdet er i tråd med kommuneplana si arealdel.

Risiko og sårbarheit

Det er nytta temakart frå NVE i vurderinga av naturfare. www.temakart.nve.no i tillegg til temakart frå GIS-link <https://kart.gislink.no/kart/?viewer=kart> Det er utarbeidd skredfarerapport frå Asplan Viak og geoteknisk prosjekteringsrapport frå Era Geo.

Sjekkliste for farevurdering

	Inneheld analysen vurderingar knytt til klimatilpassing?	Skriv svaret (alle punkt er ikkje like aktuelle i alle planar)
Klima-tilpassing	a Er kunnskapen skildra i « <i>Klimaprofil Møre og Romsdal</i> » nytta i ROS-analysen?	Det blir vist til naturfarerapport under kap 3.
	b Er klimatilpassingsdelen i « <i>Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing</i> » nytta i ROS-analysen?	ja
	c Vurderer ROS-analysen om klimaendringar gjev eit endra risiko- og sårbarheitsbilete, og er denne vurderinga synleggjort?	Det blir vist til naturfarerapport under kap 3.
	d Vurderer ROS-analysen korleis omsynet til eit endra klima kan varetakast, og er denne vurderinga synleggjort?	Det blir vist til naturfarerapport under kap 3.
	e Legg ROS-analysen til grunn høge alternativ frå nasjonale klimaframskrivingar når den vurderer konsekvensar av klimaendringar?	
	f Er det lagt vekt på gode heilskaplege løysingar og varetaking av økosystem og areal med verdi for klimatilpassing, som òg kan bidra til auka kvalitet i uteområde?	Kun delvis relevant. Arealendringar som følgje av tiltaket er begrensa arealmessig
	g Tek planen omsyn til behovet for opne vassvegar, blågrøne strukturar, og forsvarleg overvasshandtering?	Det er stilt krav om plan for overvasshåndtering i samband med byggesak. Tiltaket kjem ikkje i konflikt med vassvegar/bekker.
	h Vurderer planen varetaking, restaurering eller etablering av naturbaserte løysingar? (Grunngje om dersom naturbaserte løysingar veljast vekk.)	Det er stilt krav om plan for overvasshåndtering i samband med byggesak. Tiltaket kjem ikkje i konflikt med vassvegar/bekker.

Naturgitte forhold	Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
a	Er området utsett for snø-, flaum-, jord- og/eller steinskred?	x		Det er utarbeidd skredrapport for området. Deler av planområdet er avsatt til hensynssone skred
b	Er området utsett for større fjellskred?		x	
c	Er det fare for flodbølger som følge av fjellskred i vatn/sjø?		x	
d	Er det fare for områdeskred av kvikkleire?		x	Det blir vist til geoteknisk prosjekteringsrapport
e	Er området utsett for flaum og/eller erosjon? Inkluder naudsynt klimapåslag.		x	Det blir vist til geoteknisk prosjekteringsrapport
f	Er området utsett for stormflod? Inkluder havnivåstigning og bølgepåverknad i vurderinga.		x	
g	Kan utbygginga endre eksisterande risiko for omkringliggande område?		x	
H	Er det kjente problem med overflatevatn, avløpssystem, lukka bekkar, overfløyming i kjellar, osv?		x	
i	Kan det vere fare for skogbrann/lyngbrann i området?		x	Ingen særskilt fare i området.

Verksemd-risiko	Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
a	Omfattar planen storulukkeverksemd eller farlege anlegg?		x	
b	Er det storulukkesverksemd/farlege anlegg i nærleiken som kan utgjere ein risiko for planområdet?		x	
c	Anna (spesifiser)?			

Kraft-forsyning	Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
a	Er området påverka av magnetfelt over 0,4µT frå høgspenningslinjer?		x	
b	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?		x	
c	Anna (spesifiser)?			

Brann/-u lukkes-b eredskap		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
	a	Har området mangelfull sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?		x	
	b	Har området dårleg tilkomst for naudetatar?		x	
	c	Anna (spesifiser)?			

Omgjevnad		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?		x	
	b	Er det terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)?		x	
	c	Vil tiltaket (utbygging/drenering) kunne føre til overfløyming i lågare-liggande område?		x	
	d	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Samferdsel					
	a	Er det kjente ulukkespunkt på transportnettet i området?		x	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere ein risiko for området?		x	
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?		x	
	d	Kan området bli isolert som følge av blokkert infrastruktur, t.d. som følge av naturhendingar?		x	
	e	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Miljø/ Landbruk					
	a	Vil planen/tiltaket bli råka av, eller forårsake ureining i form av lyd, lukt eller støv?		x	
	b	Vil planen/tiltaket bli råka av, eller kan skape fare for akutt eller permanent ureining?		x	
	c	Vil tiltaket ta areal frå dyrka eller dyrkbar mark?		x	
	d	Anna (spesifiser)?			

Er området påverka/ureina frå tidlegare bruk	Er det knytt risiko til følgjande element?		Ja	Nei	Kommentar
	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?		x	
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggrådsperringar etc.?		x	
	c	Industriverksemd eller aktivitetar som t.d. avfallsdeponering, bålbreining, skipsverft, gartneri etc.?		x	
	d	Anna (spesifiser)?			

Tilsikta hendingar	Er det knytt risiko til følgjande element?		Ja	Nei	Kommentar
	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?	x		Høgdebassenget blir inngjerda og sikra med alarm i tillegg til driftsovervåkning.
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?		x	
	c	Anna (spesifiser)?			

Planområdet er innanfor aktsomhetsområde for snøskred, sjå neste avsnitt. Det er ikkje funne andre forhold som treng ytterlegare vurdering.

Skred

Planområdet ligg innafor aktsomhetsområde for snøskred. Med bakgrunn i dette er det utabeida ei skredfarevurdering av Asplan Viak AS, datert 25.11.24. Vurderinga er oppsummert i eit samandrag her, medan heile rapporten ligg ved plandokumenta som vedlegg.

Det er utført en skredfareutredning for ønsket plassering av ett høydebasseng på gårds- og bruksnummer 1566/36 i Surnadal kommune iht. NVEs veileder for utredning av sikkerhet mot skred i bratt terreng. Det vurderte området ligger innenfor NVE sitt aktsomhetskart for snøskred.

Plan- og bygningsloven og TEK17 stiller krav til sikkerhet mot skred for nybygg eller tilbygg på eksisterende bygg og tilhørende uteareal. Asplan Viak har vurdert området opp mot kravene i sikkerhetsklasse S1 og S2, der en årlig sannsynlighet for skred eller sekundæreffekter av skred ikke skal overskride 1/100 og 1/1000.

Fare for steinsprang, steinskred, jordskred, flomskred, snøskred og sørpeskred er vurdert på bakgrunn av terenganalyser, kartdata og aktsomhetskart. Det blir vurdert at deler av området ikke tilfredsstiller lovverket sitt krav til sikkerhet mot skred i sikkerhetsklasse S2. Det må gjennomføres sikringstiltak for å oppnå tilstrekkelig sikkerhet.

Området ligg ikkje innafør aktsomhetsområder for steinsprang eller jord- og flaumskred, men temaene er vurdert i rapporten.

Rapporten viser at kartleggingsområdet ligg innafør NVEs aktsomhetskart for snøskred, både med og utan skog.




Figure 6 NVE sitt aktsomhetskart for snøskred til venstre, faresone for snøskred med nominell sannsynlighet 1/1000 til høgre, utarbeidet av Asplan Viak

For å tilfredsstille lovverkets krav til sikkerhet mot skred var det lista opp ulike tiltak. Tiltakshavar har, i samråd med konsulent, beslutta å justere storleik og plassering av bygningsmassen slik at den går klar for faresona for snøskred.




Figure 7 Teikning som viser ny plassering av høydebassenget

Grunnforhold

Det er utarbeid ein geoteknisk prosjekteringsrapport for prosjektet av ERA Geo, datert 24.09.24. Rapporten viser til at tomten ligg utafor aktsomhetsområde for kvikkleire. Videre er det med prøvegraving til berg, ikkje påtruffet sprøbruddmateriale. Tomta vurderes derfor ikkje å ligge i eit løснеområde eller utløpsområde, etter NVE 1/19 (6).

Prosjekteringsrapporten konkluderer med at tomta vurderes å være egnet for tiltaket. Massene består av sandlige masser. Det kan benyttes grunntrykk på 200 kPa i bruddgrense. Det kan oppstå setninger opp mot 5 cm for store og høyt utnyttede fundamenter. Det kan graves 1:1,5 i skråninger ikke dypere enn 3 meter. Dersom det kommer vanninnslag i skråningen kan det bli behov for erosjonssikring.

Rapporten legg vekt på at da plassering av bygget ikkje var låst da rapporten vart utarbeid, og at det ikkje var utarbeid fundamentplan eller lastnedregning. Detaljprosjektering er derfor ikkje å anse som fullført. Geotekniker må kontrollere bæreevne, setninger og evt behov for graving når dette er klart.

Forhold til krav i Naturmangfoldlova §§8-12

Naturmangfoldlova skal ivareta mangfoldet av naturtyper innafor deres naturlege utbredelsesområde, artsmangfaldet og dei økologiske prosessene som kjenneteiknar den enkelte naturtypen. Naturmangfoldlova §§ 8-12 skal leggest til grunn for offentlig saksbehandling. Vurderingane nedenfor er basert på tilgjengelege databaser og kunnskap om området.

Naturmangfold

Området består av skog som brukes til skogdrift. Skogen har blitt snauhogd nylig. Området er preget av mye forstyrrelser fra biltrafikk. Det er derfor liten potensiale for naturverdier i området.

Naturmangfoldlova § 8 (kunnskapsgrunnlaget)

Informasjon om naturverdier har blitt hentet fra Naturbase, Sensitive artsdata og Artskart. Ingen av databasene har naturverdier registrert i planområdet. Det er vurdert at på grunn av tiltakets begrensa størrelse og liten potensiale for å finne naturverdier er saken godt nok opplyst.

Naturmangfoldlova § 9 («føre-var-prinsippet»)

Ikke relevant på grunn av at saken er godt nok opplyst.

Naturmangfoldlova § 10 (økosystem og samla belastning)

Skogstypen som er på stedet fra før er sterkt påvirket av skogdrift og forstyrrelser, det er natur som har blitt vanlig. Det er derfor ikke vurdert at andre inngrep sammen med reguleringsendringen påvirker naturtypen negativt i regionen.

Naturmangfoldlova § 11 (Tiltakshavars plikt til å dekke skader ved miljøforringelser)

Eventuelle avbøtende tiltak skal bekostes av tiltakshaveren.

Naturmangfoldlova § 12 (miljøforsvarlege teknikker og driftsmetoder)

Tiltakshaver er forplikta til å nytte teknikker og driftsmetoder som er mest mogeleg optimale i forhold til naturmiljø, økonomiske og samfunnsmessige forhold.

På grunn av at området har liten potensiale for naturverdier er plasseringen den miljømessig beste.

Klima

Når man bygger infrastruktur i naturen slipper man ut karbon som er lagret i jorden. Man mister også areal der planter kan vokse og binde karbon i framtiden. I henhold til Miljødirektoratets standardtall for utslipp når 500 m² for denne arealendringen blir det i et perspektiv på 20 år en klimaeffekt på over 18 tonn karbondioksidekvivalenter. Det tilsvarer å kjøre over 110 000 kilometer med en bilsbil.

Landskap og fjernvirkning

Nivået ved inngangsdøra til ventilkammeret er på kote + 128, medan sjølve bassenget blir på kote 127-132. Anlegget vil vere synleg frå Fv 670. Området ber i dag preg av at det er eit teknisk anlegg der, i tillegg til område for renovasjon og parkeringsareal.

Det er sett krav i reguleringsbestemmelsane om at bygningsmassen skal ha naturleg farge på fasade for å begrense landskaps- og fjernvirkning. Det er i tillegg avsett eit areal kring bygget til vegetasjonsskjerm der krav til beplantning er sikra i bestemmelsene.



Figure 8 Illustrasjon av framtidig anlegg, sett frå Fv 670. Illustrasjon: Asplan Viak

Barn og unges interesser

Temaet barn og unges interesser vurderes i denne saka og vere tilknytt tema friluftsliv og rekreasjon. Sjå neste punkt.

Friluftsliv og rekreasjon

Området ligg ikkje innafor kartlagte områder for friluftsliv. Det er derimot eit godt brukt område for utfart for turgåarar, og det er i plana lagt opp til å tilretteleggje betre for parkeringsplassar for dei som skal ut i skog og mark.

Vilt

Trekkforhold for hjortedyr er undersøkt, og det næraste vilttråkket som er registrert er et elgtråkk omlag 200 meter sør for tiltaksområdet.

Jordressurser - skogbruk

Planområdet ligg i eit området med aktivt dreve skogbruk. Det er registrert skog av høg bonitet på området.

Arealet vart hogd i 2019 og vart plantet til med ny skog i 2021 (plantet med gran).

Landbruk

Området er i dag eit hogstfelt, og er ikkje vist som dyrkbart areal .





Figure 9 Utsnitt frå Kilden

Kulturminner og kulturmiljø

Det er ikkje registrert nokre automatisk freda kulturminner innafor planområdet.

Ved funn av kulturminner under byggeperioden skal arbeidet stanses umiddelbart og byggherre varsles. Byggherre vil i sin tur varsle Fylkeskommunens kulturavdeling som gir vidare instruks.

Den Trondhjemske postvei er registrert på austsida og langsmed Fv 670. Vegen er registrert som regionalt verneverdig. Vegen går her i ei rett line forbi planområdet før den gjer ein jamn sving over Fv 670 mot Stormyra.




Postvegen er ikkje synlig i terrenget og virker ikkje å vere ivareteke verken ved bygging av fylkesveg eller ved andre inngrep i området. Det er lagt inn ei hensynssone kulturminne i plankartet for å unngå ytterligare inngrep i traseen.

Støy

Støysone frå fylkesveg vil ikkje ha nokon innvirkning på den her type anlegg.

Trafikktryggleik



Kart 1 Kart som viser siktforhold i avkjørselen med 105 meter stoppsikt

Det er tilfredsstillende siktforhold i krysset. Bygging av høgdebasseng vil ikkje føre til trafikkauke. Det er viktig at vegetasjonen blir halde nede langs fylkesvegen.

Teknisk infrastruktur

Området har adkomst frå fylkesveg 670, via kommunal adkomstveg. Adkomst vil vere uendra, og eksisterande adkomst vil bli nytta som tilkomst til det nye høgdebassenget. Det tilretteleggast for parkeringsplassar i området sørvest for høgdebassenget. Det blir parkert både i det sørvestlege området og oppe ved avfallsdunkene i dag. Ved å etablere eit parkeringsområde som planlagt, vil ein samle parkeringa på ein plass som igjen vil gjere området meir oversikteleg og trafiksikkert.

Vassinfrastruktur er allereie etablert på tomta i samband med dagens anlegg.




Figure 11 VA-kart over området